



Det kongelige nærings- og fiskeridepartement
Kongensgate 8
0032 OSLO

Vår referanse
19/13881 19/14701

Dykkar referanse


Sakshandsamar
Andreas Christian Nørve

Dato
23.09.2019

Høyringsvar - justering av inntektsfordelinga av Havbruksfondet

Herøy kommune viser til høringsbrev frå departementet til justering av inntektsfordelinga av Havbruksfondet. Vi viser til at eit av hovudprinsippa ved forfordeling frå Havbruksfondet, er å stimulere kommunane til å leggje til rette for oppdrett langs kysten – dette gjennom reguleringsarbeid, infrastruktur og andre kommunale tenester. Herøy kommune kan ikkje sjå at endringa som no er lagt ut på høyring stimulerer til dette.

Departementet legg no opp til ei fordeling som gir deler av Havbruksfondet til kommunar som ikkje har lagt til rette for oppdrettsverksemd, verken ved reguleringsarbeid for landbasert anlegg; kommunal veg; fiberinfrastruktur eller vatn og avløp. Departementet legg no opp til ei fordeling av Havbruksfondet, der det berre blir lagt vekt på om deler av laksemerdane ligg inne i ein anna kommune. For det aktuelle oppdrettsanlegget i Herøy kommune, så viser kartet nedanfor at merdane i all hovudsak ligg i Herøy kommune. Vidare viser kartet at både land- og sjøbaserte anlegg er lokalisert i Herøy kommune og at det ikkje lag til rette for noko infrastruktur for land- eller sjøbasert anlegg i Sande kommune.



Herøy kommune har forståing for at det er litt meirabeid å administrere ei ordning der det skulle leggjast vekt på om ein kommune har lagt til rette for oppdrettsanlegg eller ikkje, men at dette skulle vere vanskeleg kan ikkje Herøy kommune forstå. Det er berre 10 oppdrettsanlegg og 19 kommunar dette gjeld. Det einaste departementet burde krevje, var at kommunane dokumenterte kva aktivitet som kommunane hadde lagt til rette for på land og til dei sjøbaserte anlegga.

Dersom departementet ikkje vil gå inn for ei slik konkret vurdering, så vil Herøy kommune be om at modell II blir lagt til grunn for justering av inntektsfordelinga av Havbruksfondet.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad
rådmann

Andreas Christian Nørve
assisterande rådmann/kommunalsjef
samfunnsutvikling

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur